

SAMNANGER KOMMUNE



MÅLBRUKSPLAN

vedteke av kommunestyret 29.01.1998

1. HISTORISK BAKGRUNN

Dei første skulekrinsane i Samnanger gjekk over til nynorsk («landsmål») i 1909. Sidan 1938 har nynorsk vore einerådande i samnangerskulane. I 1938 vart òg nynorsk kyrkjeliturgi innført i Samnanger saman med Nynorsk Salmebok.

2. MÅLFORM

Samnanger kommune vedtok i kommunestyremøte 17.12.1921 at det offisielle styringsmålet i kommunen skal vera nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytta nynorsk skriftspråk i tenesta.

Kommunestyret gjorde i sak 123/1921 vedtak etter lov om målbruk i offentleg teneste § 5 om å krevja nynorsk i skriv frå statsorgan til kommunen.

3. SPRÅKPOLITISKE MÅL

Skriftspråket som vert nytta i kommunen må vera så godt og variert som mogeleg og liggja nær opp til talemålet i kommunen. Kommunen ønksjer eit enkelt, klårt og brukarvenleg språk.

Dialekten (målføret) er ein sær sars viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor

som ei sentral oppgåve å verna om dialekten vår gjennom levande bruk og medviten utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at me har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadane. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt må nyttast så mykje som mogeleg i songar, opplesing, leikar o.a.

Administrasjonssjefen og rektorane har eit særleg ansvar for å gjera dei tilsette kjende med § 40 i Lov om grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til elevane sitt talemål. På liknande vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

4.RETNINGSLINER FOR SKRIFTSPRÅKET I KOMMUNEOADMINISTRASJONEN

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Særleg er det viktig at me nyttar aktiv, og ikkje passiv, setningsbygnad, og at me har ei ordrekkefølge som i vanleg talemåte. Me må òg unngå å bruka substantiv for mykje. På nynorsk er det ofte betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål er brukt substantiv.


Språket vert ledigare om me brukar ei personleg form. Såleis bør me vera varsame med å bruka det

personlege pronomenet ein. I staden kan me bruka eg eller me.

Me bør nytta norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera. Ei ordliste eller ei synonymordbok er gode hjelparar her. Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i Samnanger, bør brukast.

6.TILTAK

Opplæring




Kommunen tek sikte på å gje alle kommunetilsette som skriv i arbeidet sitt tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For sakshandsamarar bør slike kurs vera obligatoriske. Tilsette i skulen og barnehagane skal gjerast kjend med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.

I utlysing av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

Hjelpemiddel

På alle kontor i kommunen skal det vera nynorsk ordliste og fornorskingsordbok av nyare dato. Dei tilsette må søkja sakkunnig hjelp i målspørsmål. I

kommuneadministrasjonen bør det vera ein person som kan stå til rådvelde i slike spørsmål. Dei einskilde fagetatane skal gjera seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.



Nynorskmateriell

Kommunen skal syta for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte o.l. som vert brukt i kommunen, er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skule og barnehage, skal, så langt råd er, vera på nynorsk.

Alle tilsette skal sjå etter at departement og andre statsorgan (både lokale, regionale og sentrale) tek omsyn til dei språklege rettane kommunen har, og at dei følgjer reglane i mållova om bruk av nynorsk. Saker der dette ikkje vert gjort skal takast opp. Me skal også vera pådrivarar for å få meir nynorskmateriell frå Kommunenes Sentralforbund og private samarbeidspartar/-leverandørar. Landsamanslutninga av nynorsk-kommunar er ein naturleg samarbeidspart i dette arbeidet.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggja på lokal namnetradisjon. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vera i samsvar med målføret.

På s.10 og 11 i denne planen står meir detaljerte reglar om korleis stadnamna skal skrivast. Sjå også Lov om stadnamn frå 18. mai 1990 som gjev reglar for fastsetjing av stadnamn.

Samarbeid med næringsdrivande

Kommunen vil arbeida for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i Samnanger om å driva god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Landssamanlutninga av nynorskkommunar

Samnanger kommune er medlem av landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

UTFYLLANDE RETNINGSLINER FOR SPRÅKBRUKEN

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk.

Me bør bruka **aktiv** og ikkje passiv setningsbygnad:

Døme: *Kommunen vil søkja om lån i den lokale banken.*
ikkje *Finansieringa vert forsøkt dekt av lån i banken.*
 Ordføraren tok saka opp til avrøysting.
ikkje *Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren*

Ordrekkefølga bør vera mest mogeleg som i vanleg talemål. Eigedomsmenene *min, din, sin, vår* bør til vanleg koma etter substantivet.

Døme: *Administrasjonssjefen er på kontoret sitt.*
ikkje *Administrasjonssjefen er på sitt kontor.*

Me bør også bruka **dobbel bunden form**.

Døme: *det vedtekne budsjettet*
ikkje *det vedtekne budsjett*
 *det opphavelige framlegget*
ikkje *det opphavelige framlegg*

Me bør vera varsame med å bruka **s-genitiv**. I staden for *kommunens eige-dom* kan me nytta *eigedomen til kommunen, kommunen sin eige-dom* eller *eigedomen som kommunen har*.

Me bør ikkje bruka **substantiv** for mykje. På nynorsk er det ofte betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål er substantiv.


Døme: *Kommunestyret får kopi kvart år når rekneskapen skal godkjennast.*
ikkje *Kopi vert lagt fram for kommunestyret kvart år ved godkjenning av rekneskapen.*
ikkje *Dei einingane som ikkje er lønsame nok ..*
ikkje *Dei einingane som ikkje kan oppvisa tilstrekkeleg lønsemd*

Substantiv som byrjar på **an-** og **be-** eller som sluttar på **-heit** og **-else**, bør me vurdera kritisk. Finn gjerne eit anna ord eller skriv om.

Me skriv såleis	avgjerd	ikkje bestemmelse
	sanning	« sannheit
	motmæle	« innsigelse
	tryggleik	« sikkerheit
	røyndom	« verkelegheit

Kommunen skal i hovudsak nytta ei konsekvent språklinje, og me bør i utgangspunktet halda oss innanfor læreboknormalen. Der det finst valfrie former, bør me velja den forma som ligg nærast talemålet i Samnanger. Me **skal** nytta:

a-infinitiv **skule** **verta**
me **då**



STADNAMN

Hovudregelen for skrivemåten av stadnamn i Samnanger er at det skal veljast ei hovudform eller sideform i nynorsk som høver best med den nedarva uttalen i kommunen.

Bøyningsendingane skal stort sett følgja nynorsk-normalen. I eintal skal altså desse endingane brukast: **-en** eller **-n**, **-a**, **-et** eller **-t**.

Me skriv: *Gamlevegen*, *Storlia*, *Gråfjellet*.

Unnataket er hokjønnsorda **øy**, **to** og **krå**. Her endar bunden form eintal på **-na**.

Me skriv altså: *Liøyna*, *Stortona*, *Kråna*.

I fleirtal er bøyingsendingane **-ane**, **-ene**, **-a**.

Me skriv altså: *Klungerhaugane*, *Åsabrekkene*, *Skjera*.

Grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal retta etter målføret i Samnanger.

Me skriv: *Småtjørnane* (ikkje *Småtjørnene*, slik ordlista seier) og *Fitjavatnet* (ikkje *Fitjavatn*).

I samansette namn skal me bruka samansetjingsmåten som samsvarar med målføret.

Me skriv difor: *Dukavatnet*, *Nordvikavatnet*, *Rossebotnen*.

Etter nokre substantiv som endar på **g** og **k**, skal me av språkhistoriske grunnar bruka samansetjingsledd (komposisjonsfuge) med skriven **j** (også føre **e**), dersom det samsvarar med uttalen. Slike substantiv er *bekk*, *dreng*, *egg*, *hegg*, *rygg*, *sekk*, *streng*, *vegg*, *øyk*. Men t.d. er ikkje *bjørk* og *eik* med på denne lista.

Me skriv altså: *Heggjebotnen* men *Eikedalen*.

Konsonantsambandet **tl** skal brukast slik det vert gjort i målføret.

Me skriv difor: Vetlavatnet (ikkje *Veslavatnet*).

Det vil stundom vera bruk for å setja namn på nye anlegg t.d. vegar, tunnelar eller byggjefelt. Då må me så langt råd bruka namn som alt finst på staden, anten uendra viss det høver, eller i nye samansetjingar. I alle høve må me retta oss etter den nedarva måten å laga namn på. Difor skal aldri førsteleddet i det samansette namnet stå i bunden form. Me konstruerer altså ikkje namn som *Åsenvegen*. Det må heita *Åsavegen*.

